



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Rauma kommune

Tilsynsdato: 15.05.2018

Rapportdato: 21.06.2018

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVDINNTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	12.03.2018 (formøte) 15.05.2018 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Vollan 8A, 6300 Åndalsnes
<b>Kommunennummer:</b>	1539
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Ole Kjell Talberg
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Møgstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	04.06.2018
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	21.06.2018
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	16.08.2018

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Rauma kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Styringsdokument for beredskap	15.10.2015
2.	ROS-analyse 2013 – sluttrapport	20.12.2013
3.	Kriseplan – plan for kommunen si kriseleiing	Ikkje datert
4.	Plan for psykososialt kriseteam i Rauma kommune	23.10.2017
5.	Beredskapsplan for Åndalsnes barneskole	04.01.2018
6.	Samarbeidsavtale om tenester – Lesja kommune	22.09.2015
7.	Samarbeidsavtale mellom Rauma kommune og Rauma Røde Kors	24.12.2016
8.	Planstrategi 2017 – 2020. Sakspapir	15.11.2016
9.	Planstrategi 2017 – 2020.	15.11.2016
10.	Rauma kommune Samfunnsplan 2014 – 2025 – presentasjon	17.12.2013
11.	Rauma kommune Samfunnsplan 2014 – 2025	17.11.2017
12.	Evalueringsrapport – Øving Raumabanen 26.05.2016	27.05.2016
13.	Evalueringsrapport – Hending dødsfall ungdom	26.11.2015
14.	Evalueringsrapport – Hending Ekstremvær Tor	08.02.2016

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Rauma kommune vart gjennomført 12.03.2018. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 15.05.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Lars Olav Hustad	Ordførar	X	X	X	X
Toril Hovdenak	Rådmann	X	X	X	X
Ole Kjell Talberg	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Rauma kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har god forståing av status for beredskapsarbeidet – også forbettringspotensialet.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2013 og oppfyller ikkje alle forskriftskrava. ROS-analysen manglar ei heilskapleg framstilling av risiko- og sårbarheitsforhold, og korleis desse påverkar kommunen. Ved revisjon må analysen synleggjere vurderingane som er gjort, og gje eit samla oversyn over avdekt risiko- og sårbarheit i kommunen. Det manglar ei vurdering av kommunen sin evne til oppretthalde drift ved uønskte hendingar. Det manglar også ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering. Det går ikkje fram av analysen at relevante offentlege og private partar har vore med i arbeidet med heilskapleg ROS.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er ikkje tydeleg forankra på strategisk nivå. Vi finn ikkje at kommunen på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen har utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Ein prioritert plan for oppfølging av funna i ROS analysen kan arbeidast inn i «Styringsdokument for beredskap», og oppfølginga bør vidare forankrast i andre overordna strategiske planverk, som kommuneplanen sin samfunnsdel/ handlingsdel og økonomiplan når desse skal reviderast.

Beredskapsplanen er oppdatert i 2017, og planen oppfyller forskriftskrava. «System» for opplæring er ei minimumsløysing og kunne med fordel ha peika på kva kompetanse medlem i kriseleiinga treng.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon. Kommunen har god trening i å handtere ekstraordinære situasjonar, og har rutine for å evaluere både hendingar og øvingar. Kommunen har faste rutinar for møter i kriseleiinga og beredskapsrådet.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Rauma kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 første ledd, litra e), f) og 2. ledd.

##### **Utdjupande kommentar:**

ROS-analysen manglar ei systematisk framstilling av risiko og sårbarheiter og korleis desse påverkar kommunen. ROS-analysen manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønskte hendingar har skjedd, og ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering. Det manglar ei skildring av i kva grad kommunen har invitert relevante offentlege og private aktørar med i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.

##### **Avvik nr. 2**

Rauma kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

##### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a) og b).

##### **Utdjupande kommentar:**

Rauma kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging er ikkje fastsett i kommunen sine overordna strategiske planar.

### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### ***Merknad nr. 1***

##### **Kommunen bør:**

- Skildre korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Når ROS-analysen er revidert må kommunen lage ein prioritert handlingsplan basert på funna.
- Revidere beredskapsplanverket/styringsdokumentet for betre å stette krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. «system» for opplæring.

#### ***Merknad nr. 2***

Kommunen bør vidareutvikle styringsdokumentet. Nokon av dei elementa som er tatt med der har forbettringspotensiale. Dette gjeld m.a.:

- vurdere eit årshjul med tydelege rutinar for beredskapsarbeidet i kommunen
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- fastsette rutinar for evaluering



#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419